

Lukki... Lihkko beivviin ! / lahjko bjejni / vourbe veijvin

Det er ei stor glede og ære for meg som Oslo biskop å feire Samenes nasjonaldag her i domkyrkja saman med dykk

Det bur samar i 99% av landets menigheter
og vi feirar i dag for 31gang på rad.

Kvifor i dag? Dei fleste av dykk veit det, men la meg trekke opp ein litt større sirkel:
Eg går tilbake til 1910 der omkring:

Den samiske misjonæren Edvard Masoni kom med forslag om Det samiske forbund sommaren 1910 og han skriv:

«Men det samiske folket vil ikke la sig tyrannisere nu mer enn før. Som frie mænd og kvinner kræver det finske folk sin fulde ret i landet!»

Masoni arbeidde i Kina og Norge. Han var talsmann for samiske rettigheter og kultur, og for kvinner i misjonen. Han kom frå ein samisk reindriftsfamilie frå Arjeplog i Sverige, døydde og vart gravlagt i Åkra, rett ved sia av der eg er oppvokst på Stord.

Når Masoni i 1909 kom til Norge frå Kina fann han eit etablert samisk intellektuelt og politisk aktivt miljø som han slutta seg til. Dei fire mest kjende namna er Daniel Mortenson, Elsa Laula Renberg, Isak Saba og Andres Larsen.

Innsatsen som Elsa Laula Renberg er særleg hugsa for i dag,
er arbeidet med å realisere det første samepolitiske landsmøtet som blei halde
Trondheim 6. februar 1917. Elsa var initiativtakar og ho heldt opningstalen
og Daniel Mortenson var møteleiar.

Elsa Laula Renberg var tidleg ute og stifta sameforeining i Stockholm allereie i 1904.
Og den 6.april 1904 går ho til slottet i Stockholm for å levere brevet til kong Oscar den II. Ein
reindriftssame hadde tapt ei erstatningssak i alle rettsinstansar - beiteområda for reinen blei
kolonisert.

Elsa Laula Renberg døde av tuberkulose berre 54 år gammal i 1931,
men kampen for samiske rettigheter døydde ikkje med henne.
Og Samenes nasjonaldag 6. februar er komme for bli!

For (Leseteksten vers 8): «Alt som er sant og edelt, rett og rent, alt som er verdt å elske og akte, alt som er til glede og alt som fortjener ros», FEIRE VI I DAG!

Kva er forskjell på feiringa i år og feiringa i fjor?

I år er mange av oss utfordra og prega av rapporten som Sannhets og forsoningskommisjonen la fram 1. juni til Stortinget. Eg las på Nationalteateret frå kapittel 18: Kirkeliv, religiøsitet og åndelighet i programmet *Norge Lytter*, Preses Olav las frå 8.6: Kirke, misjon, sosialt arbeid.

Og som sametingpresident Silje Karine Muotka sa i si nyttårstale

«Vi lever alle i etterdønningene av denne politikken. Den har skapt mye vondt og et pennestrøk vil ikke kunne frigjøre oss fra konsekvensen av den.

Det må skje gjennom bearbeidelse av de funn kommisjonen har gjort etter at de har snakket med over 650 sannhetsvitner.»

No, i oktober gjekk eg inn i eit telt framfor slottet og møtte samiske ungdomar saman med Natur og Ungdom.

Dei fortalte at å «gå til Kongen» er ei handling Elsa Laula Renberg gjorde.

Og - eg siterer Ella Marie Hætta Isaksen:

«Å gå til Kongen er eit steg vi kom til i desperasjon, men dette er en fin og verdig avslutting.»

Med audiens hos kongen velger vi, Fosen aksjonistane, å avslutte aksjonane for denne gongen.

Eg lytta til Kongens tale dette nyåret.

Kongens respons på Sannhets og forsoningskomisjonens rapport er verdt å legge seg på hjartet:

«Det ble rystende historier som ble lagt frem ... Mennesker fratatt språket sitt og kulturen sin, selvtilitten og identiteten sin. For noen gikk det på livet løs.

Alt dette ble gjort i nasjonsbyggingens tegn,,,»

Og han heldt fram:

.. «mange unge skriver til meg og uttrykker bekymring for at det ikke gjøres nok for å ta vare på naturen og jorda vår. Jeg deler de unges bekymring, og deres utsikten til framtid og miljø.»

Vi trenger å ALLES utålmodighet, før tiden renner ut for oss. Dette kan jeg ikke uttrykke sterkt nok.»

Takk og stor beundring - til de samisk ungdom og Natur og Ungdom som kjempa og delte alvoret med mange av oss i februar, mars og oktober.

– Trefoldighetskirkas dører opna
for å vere ein stad for kvile, stillheit, lystenning og fellesskap.

Vi visste ikkje kva som venta oss, sa diakonen og prest

– så kom det hundretals alvorleg ungdom ...

Torbjørg og Pål Kristian og no nytilsett prest for å styrke samisk kirkekiv her sørpå: Caroline Hauglid-Formo

la saman med frivillige til rette og fleire av dykk i kyrkja her var der .

Så har ein altså vunne ei rettssak, -
men at ungdom må okkupere eit departement for at det skal oppfattast..

DET GJER NOKO MED DEG SOM MENNESKE .

Skuffelsen blei stor då statsadvokaten i slutten av november valte å bøteleggje aksjonistane.
Det er graverande og nok eit tydeleg bevis på at uretten mot det samiske folk aldri tar slutt.

Det er så mange sterke fortellingar om alvorlege feil som er begått.

- Å få være menneske på lik linje med andre, det det handlar om og blir feira i dag.

Dette er det den samiske nasjonaldagen.

Gud har skapt oss alle i sitt bilde,
og Gud gjer ikkje forskjell på folk.

Dette feirar i vi dag.

Og Å elske nesten som seg sjølv, betyr ikkje å utslette seg sjølv, men å tote å vere det,- seg sjøl

- Verdsette oss sjøl og kvarandre og skapraverket
og være der for kvarandre, støtte og vere solidarisk med heile oss, hjarte, sjel og forstand.

....

Ja, Jesus seier det:

Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all din forstand og du skal elske din neste som deg sjøl. Det er det største budet i lova.

Kva var det vi skulle elske Gud med? Hjerte, sjel, forstand.

Eg visste nesten ikkje at vi hadde så mykje innabords før eg høyrer det i desse orda frå Jesus, på norsk og samisk. Og eg vil prøve og oppfordre oss alle til å gjere det.

Halde fram, halde sammen, - for elles går det på livet laus!

Hjartespråket. Kva er det? Det er det ingen kan ta frå oss. Det ikkje tilfeldig at så mange av våre kjæraste salmar handlar om hjarte. «Skriv deg Jesus på mitt hjerte» «Mitt hjerte alltid vanker» .

Det er forsonande å synge salmar på hjartespraket og det er like forsonande å synge salmar med det tonespråket som høyrer til i kulturar der samar lever, som vi gjorde i Inngangssalmen.

Derfor var det en festdag også på lørdag, når vi lanserte *Salmebokens klangbok* her i hovedstaden i Oslo domkirke 1. Den blei lansert i Tromsø domkirke allerede den 8. oktober, men no ENDELEG - her!

Å elske nesten som seg sjølv, betyr ikkje å utslette seg sjølv, men å tote å vere der, sånn at orkar å vere der og støtte

og vere solidarisk med heile oss, hjarte, sjela og forstanden.

Elske vår neste: Det betyr, som Jesus har vist oss,

særleg å vere opptatt av dei som er spesielt utsette.

«Skjør» heiter salmen som Elina Ijäs skal synge under nattverden.

Du fortel at songen handla om

å tørre å være skjør, for å sleppe inn ein den ein er glad i .

Ja, takk for at du deler songen med oss her ... i dette rommet som forhåpentligvis også rommar det skjøre.

No vil du synge *Havet*